

# **Velkommen til årsmøte for Vikebygd Grendautval**

Org.nr. 911 694 654

**Torsdag 28.11.2013 på Bygdahuset**





## **Årsmøte 2013**

Det blir kalla inn til årsmøte i Vikebygd Grendautval

***Tid: Torsdag 28. november kl. 19.30***

***Stad: Vikebygd Bygdahus***

### ***Dagsorden:***

1. Opning av møtet og godkjenning av innkalling
2. Val av møteiar og referent
3. Godkjenning av sakslista

### ***Sakslista:***

1. Årsberetning 2013
2. Rekneskap 2013
3. Forslag av saker frå styret
4. Innkomne forslag
5. Budsjett 2014
6. Val

Forslag som ein vil behandla på årsmøtet må vere styret i hende seinast 14. november 2013.

Etter årsmøtet vil Grendautvalet orientera om saker som gjeld alle i bygda vår.

Vel møtt

Styret

**Vikebygd Grendautval** vart vinteren 2013 stifta som lag/foreining i Brønnøysund-registeret. Org.nr: 911 694 654.

Nytt styre vart vald etter førre årsmøte på Bygdahuset. Styresamansetninga vart sett saman som følgjer:

Leiar:	Lauritz Bjørnevik
Nestleiar:	Frantz Lea
Sekretær:	Bergfrid Koltveit
Kasserar:	Even Bjørnevik
Styremedlem:	Jens Morten Koltveit
Vara:	Leif Jørgen Jørgensen
Valkomit�:	Rune Hetland
	Rolf Alne
	Jens Morten Koltveit

## Årsmelding Vikebygd Grendautval 2013

Vikebygd Grendautval har hatt 7 styremøter og fleire vegmøter med andre involverte. Det er ført referat frå alle møta.

I januar vart det kalla inn til dugnad ang. skoging langs gangsti frå Naustvikvegen til skulen. Prosjektet blei fullført på nokre laurdagar med det resultat at me fekk opna opp stien og gjort klart til nye lyktestolpar som det er søkt om. Me har fått lovnad på ein lyktestolpe oppe ved den nye trimparken allereie, og ventar på fleire.

Me planta i pottar og tønner rundt omkring i bygda før 17. mai.

Sikringsgjerdet ved sykkelskuret vart reparert, og deretter erstatta med eit solid autovern.

Grendautvalet fekk i oppgåve av kommunen å kome med merknadar til namneforslaga i dokumentet "Adressering – Høyringsutkast vegnamn". Me hadde eit innspel på vegnamnet forbi kyrkja og sjøen mot Naustvikvegen. På folkemunne har vegen blitt kalla Kyrkjevegen, men det fekk me ikkje tilslag på fordi Vikedal òg hadde det same namnet. Me foreslo då namnet "Gamle kyrkjevegen" sidan det har stått mange kyrkjer langs denne vegstrekninga sidan 1200-talet. Den endelege avgjersla veit me ikkje endå.

Det har vore eit hektisk veg-år. Me har hatt trykk på FV 734, fyrst og fremst strekninga frå Bjordals-brua til Vikebygd sentrum. Fleire møter med Statens Vegvesen og kommunen har blitt gjennomført. Det blei utarbeida eit dokument; "Enkle tiltak for å få en sikrere veg fra Ulvebne til Dommarsnes". Dette dokumentet inneheld ei beskriving av farlege nabbar som må fjernast og kor det bør settast opp autovern på Ulvebne. Varaordførar Steinar Skartland tok denne saka opp på formannskapsmøtet den 28.5. Det var inga prioritering for denne saka, og den vart avvist av ordførar. På dette tidspunktet låg vegstrekninga vår på 11. plass på prioriteringslista til kommunen.

Den 15.10. blei det endringar i kommunen si prioriteringslista, og me er no på 5. plass for utbetringar på FV 734 og 3. plass for gang- og sykkelsti frå sentrum mot Dommarsnes. Dette takka vere Steinar Skartland som la fram vårt dokument i formannskapet i samband med høyringsuttalen til "Handlingsplan for fylkesveger".

Den 5.8. hadde Grendautvalet møte med ordføraren der han informerte oss om det nye prosjektet med gang- og sykkelsti frå Håkull til bustadfeltet på Trovåg.

Grendautvalet samanfatta eit brev saman med Bygdalaget i Skjold der me ytra våre ønske om at køyrevegen òg burde utbetrast på den nemnde strekninga når det fyrst skulle drivast vegarbeid der. Dette fekk me ikkje gjennomslag for. Pengane til dette prosjektet var øyremerkta gang- og sykkelsti. Grendautvalet var på veg-møtet som vart halde i Skjold den 14.8., og dei ytra her det same ønsket om utbetring av veg.

På møtet med ordføraren den 5.8. la me fram eit ønske om å få midlar til enkle sikringstiltak på vegstrekninga Svendsbø – Dommarsnes.

Allereie den 15.8. fekk me melding frå ordføraren at han hadde snakka med Asbjørn Opedal i Statens Vegvesen. Dei vart einige om at dersom me ordna med samtykkeerklæringar og ei oversikt over nabbar som me ville ha fjerna, så skulle dei sjå kva midlar dei hadde til disposisjon. Samtykkeerklæringar vart raskt innhenta. Det blei deretter kalla inn til frukost-møte den 30.9. med synfaring langs vegen og vedtak om at "Prosjekt nabbar" kunne settast i gang. Den 22.10. byrja arbeidet inne ved Buholmen, og fredag 14.11. vart den nesten ferdigbora nabben ved Dommarsnes sprengt. Dermed er me nesten i hamn med dette første veg-prosjektet.

Det neste prosjektet me har arbeida med er gang- og sykkelsti på strekninga Vikebygd sentrum forbi Vossasvingane. Her gjorde det førre grendautvalet ein god jobb, som me har fortsett på i år. Den 17.9. reiste representantar frå grendautvalet saman med Rune Hetland til ordføraren i Ølen for å få ei oppdatering på korleis me ligg an. Ingeniør Tor Gunnar Skaar er leigd inn som koordinator for vidare sakshandsaming av prosjekt Vossasvingane. Etter dette møtet gjekk grendautvalet og Tor Gunnar i gang med å få godkjenning av grunnavståing på strekninga. Me har pr. i dag ein grunneigar att å forhandle med. Det førre grendautvalet fekk kr 500 000 frå VAF til dette prosjektet, og dei er søkt overført til 2014. Dette fekk me innvilga.

Den 12.11. blei det invitert til frukostmøte på Bygdahuset angående vidare utbetring av FV 734 og eventuell utnytting av massar frå Skjold-Solheim-prosjektet samt trafikksikring. Kommunen og representantar frå Statens Vegvesen var til stades. Me har innleia arbeidet med å innhente samtykkeerklæringar frå grunneigarar på strekninga Svendsbø til Dommarsnes med tanke på å nytte massane til vegutbetringar og trafikksikring.

Dersom me ser på prosjektet Bryggjebakken, så har det dessverre låge på vent grunna treg sakshandsaming i kommunen. Me fekk ikkje klarsignal før seint i vår, og då var bøndene opptekne på anna hald. Me satsar på å starte opp no til vinteren. VAF-midlar er søkt om, og innvilga. Me sender søknad om støtte til ulike legat og bankar/institusjonar før utgangen av 2013.

## **Status prosjekter 2013**

Prosjekt skoging v/stien til skulen:	Utført
Prosjekt sikringsgjerde:	Utført
Prosjekt lys ved trimpark:	Godkjent av kommunen
Prosjekt lys langs sti:	Søkt om støtte frå SØK (tilsagn om 50%)
Prosjekt fjerning av nabbar:	Utført
Prosjekt autovern Ulvebne:	Pågår
Prosjekt Vossasvingane:	Pågår
Prosjekt Vossasvingbrua:	Ventar på rapport frå Statens Vegvesen
Prosjekt Bryggjebakken:	Pågår

## **Forslag til Handlingsplan for 2014-2017**

- Vossasvingane - Gang- og sykkelsti til Vikebygd sentrum
- Bryggjebakken
- Vidare arbeid med utbetring av FV 734
- Informasjonsskilt
- Gang- og sykkelsti frå Vossasvingbrua til Dommarsnes m/lyktestolpar
- Utbetring av Vossasving-brua
- Skoging i bygda, dugnad
- Lyktestolpar langs sjøen i Vikevik
- Oppgradering av Plassaelva m/gangsti, sitteplassar og lyssetting
- Belysning opp Alnavegen på allereie eksisterande stolpar
- Gang- og sykkelsti m/lyktestolpar frå Bygdahuset til Kvamme
- Etablera eit bindeledd mot ungdomsmiljøet i bygda

## Rekneskap Vikebygd Grendautval 2013

Org.nr. 911 694 654

Bilag	Dato	Tekst	Inntekt	Utgift	Saldo
100	25.04.13	Brønnøysundregisteret		250,00	
301	07.05.13	Vindafjord Kommune-tilskot 2013	7000,00		
101	08.05.13	Ødegård Plantesal		3000,00	
300	30.05.13	Inng.saldo frå tidligare regnsk.VGU	51108,30		
300	30.05.13	Tilskot frå Vikebuen (bryggjebakken)	13000,00		
102	31.05.13	Gebyr, nettbank		6,00	
103	03.06.13	Brio Aksdal		1423,00	
302	21.06.13	Vindafjord Kommune - tilskot 2012	6000,00		
104	30.06.13	Gebyr, nettbank		16,00	
105	01.10.13	Vikebygd Landhandel, kaffimat		815,30	
106	23.08.13	Vindafjord Kommune, søknad disp.		1080,00	
107	31.10.13	Gebyr, nettbank		6,00	
		<b>Saldo</b>	<b>77108,30</b>	<b>6596,30</b>	<b>70.512,00</b>
		<b>Øremerkede penger</b>			
	15.05.12	Riving av gamleskolen disponeres til Bryggjebakken P201 (må vedtas)			32.236,00
	07.08.13	Gåve til prosjekt «bryggjebakken» P201			20.000,00
	30.09.05	Gåve til prosjekt «bryggjebakken» (bade plass) P201			10.000,00



**Vikebygd Grendautval**

v/ kasserer Even Bjørnevik

5568 Vikebygd

Vikebygd 20.11.13

Har gått gjennom regnskapet/noteringane for året 2013 t.o.m. 31 okt.

Totalt fra Vikebuen kr. 64.108,30 som åpningssaldo,

Bokført i kontoutskrift kr. 64.102,30, d.v.s. at gebyr på kr. 6,00 trekke banken.

Saldo pr. 31. okt. 2013 er kr. 70.512,00

Ellers har undertegnede ingenting å bemerke.

Gunnar Birkeland

